



Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Dato: 16.08.2019  
Vår ref: 18/00129-5  
Deres ref: 19/21072

## Uttale til 1. gongs høyring og offentleg ettersyn av Kommuneplanen sin arealdel for Lindås kommune 2019–2031

Leiv Erikssons vei 39  
Postboks 3021 Lade  
N-7441 Trondheim

**TELEFON** + 47 73 90 46 00

**E-POST** [post@dirmin.no](mailto:post@dirmin.no)

**WEB** [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no)

**GIRO** 7694.05.05883

**SWIFT** DNBANOKK

**IBAN** NO5376940505883

**ORG.NR.** NO 974 760 282

**SVALBARDKONTOR**

**TELEFON** +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til vår uttale til høyring av planprogram og varsel om oppstart av kommuneplanen sin arealdel 2019-2031 for Lindås kommune, datert 16. februar 2018, og ovannemnde sak, datert 2. juli 2019.

DMF er statens sentrale fagmyndigheit ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i plansakar.

### Om planen

Kommuneplanen sin arealdel 2019-2031 for Lindås kommune leggjast ut til offentleg ettersyn. Planen er forankra i Lindås kommune sin planstrategi for perioden 2016-2019.

1. januar 2020 blir Lindås kommune slått saman med Meland og Radøy kommune, til nye Alver kommune, og den nye arealplanen skal oppdatere arealpolitikken med tanke på dette.

Ei hovudmålsetting for ny arealdel er å leggje til rette for attraktive nærmiljø. Mellom anna skal bustadutviklinga skje i Knarvik, Alversund og dei definerte nærsentra Ostereidet og Lindås, og det skal leggjast til rette for spreidd busetnad i bygdene.

### Uttale

Vi viser til vår uttale til høyring av planprogram og varsel om oppstart av kommuneplanearbeidet. Vi minn om Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging vedrørande mineralressursar og vårt oppmod om at kommunen forvaltar sine førekomstar av pukk og grus. DMF kan ikkje sjå at kommunen har gjort dette i planarbeidet med den nye arealplanen. Som vi tidligare har nemnd så har kommunen registrerte førekomstar av pukk og grus med stor verdi og eit sannsynleg potensiale for uttak og nytte av desse i kommunen og regionen. DMF registrerar at den nasjonale førekomsten av pukk Eikefet er teke vare på, men ber om at dei andre registrerte førekomstane òg takast omsyn til i planarbeidet og for framtida. Når den



kommande storkommunen er eit faktum er dette ei viktig kartlegging av naturressursar og byggeråstoff.

Planen oppgjev å fokusere på bustadutvikling, det er då viktig at dei registrerte førekomstane av pukk og grus ligg til grunn ved lokalisering av utbyggingsområde. Førekomstane bør gjerast synleg i planen, slik at mineralførekomstnar ikkje blir bygd ned utan at det er vurdert om dei er verdifulle for kommunen i nær eller fjernare framtid.

#### Omsynssone for mineralressursar

Rundskriv «Ikrafttredelse av endringer i plan- og bygningsloven og matrikkellova» datert 30. juni 2017, skildrar ny omsynssone for mineralressursar (§ 11-8):

*«Endringen åpner for at kommunene gjennom sin planlegging kan synliggjøre mineralressurser som kan være aktuelle for fremtidig utvinning, og gi retningslinjer om begrensninger av virksomhet og vilkår for tiltak for å ivareta denne interessen.*

*Hensikten er å unngå utbygging eller tiltak som kan vanskeliggjøre senere utvinning av mineralske ressurser.»*

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no).

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad  
seksjonsleder

Åshild Grønlien Østmoe  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.*  
Sakshandsamar: Åshild Grønlien Østmoe

Motta karar:

Lindås kommune

Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Kopi til: